



Saksbehandlar: Birte Tuxen Bø, Næringsavdelinga
Sak nr.: 16/630-1

Budsjett 2016 næring - fullmakter næringsutvikling

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å:

- Disponere inntil kr. 2 550 000 av midlar avsett til nyskapning/kommuneretta næringsutvikling i budsjett 2016
- Disponere inntil kr. 400 000 av midlar avsett til satsinga på kunnskap i budsjett 2016
- Disponere inntil kr. 640 000 av midlar avsett til kommunikasjonsteknologi i budsjett 2016
- Følgje opp grunnløyvinga til Vestlandsforskning og skrive tilskotsbrev
- Følgje opp løyvinga til VRI 3 og skrive tilskotsbrev
- Disponere inntil kr. 1 000 000 av midlar avsett til Fjord Norge, i påvente av ny avtale mellom Fjord Norge og fylkeskommunane.
- Følgje opp ny avtale med destinasjonsselskapa for åra 2016 og 2017 (avtale i eiga sak)
- Nytte administrative midlar på inntil kr. 200 000 avsett til oppfølging av reiselivsplanen
- Nytte restmidlar fra INU-FSF til reiseliv i tråd med handlingsplanen for reiselivsarbeidet
- Disponere inntil kr. 950 000 avsett til sjømatnæringar i budsjett 2016
- Disponere restmidlar avsett til AHA! i budsjett 2015.
- Disponere inntil kr. 100 000 i samband med forum til energi i Sogn og Fjordane, av midlar avsett til energisatsing i budsjett 2016.
- Disponere inntil kr. 200 000 av midlar avsett til industri, midlane vil verta nytta til oppfølging av industristrategien

2. Fylkesdirektøren for næring rapporterer på fullmaktene gjennom rapportering i verdiskapingsplanen eller gjennom årleg rapportering til hovudutval for næring og kultur.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Andre dokument som ikkje ligg ved:
Budsjett 2016 /økonomiplan 2016-2019

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Bakgrunn

Denne saka gjeld dei næringsretta satsingsområda på næring sitt 2016-budsjett. Det vil seie programområde 701, tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet.

Fylkestinget vedtok i sak 68/15, Budsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019. I budsjettet fekk fylkesrådmannen fullmakt til å forvalte nokre administrative midlar under tenesteområde 7019 – andre næringsområde. Elles er det ikkje lagt inn fullmakter til administrasjonen under programområde 701.

Grunnen til at saka er fremja

Dei aller fleste saker er innom hovudutval for næring og kultur for vedtak. Budsjettet for 2016 legg føringar for verkemiddelbruken. Innan nokre område er føringane for bruk av midlane detaljert gjennom politisk vedtekne dokument og i gangsett arbeid, og det er naturleg med administrative fullmakter. I denne saka ber vi om fullmakter på nokre område.

Andre opplysningar

Fylkestinget handsama i sak 36/14 forvaltningsrevisjon av tildeling og oppfølging av tilskot. Der blei det mellom anna peika på at hovudutval for plan og næring (no hovudutvalt for næring og kultur) må tildele administrative fullmakter til fylkesrådmannen og ikkje fylkesdirektørane som tidlegare. I praksis vil fylkesrådmannen tildele alle fullmaktene vidare.

2. Fullmakter innan programområde 701 i 2016 - tilråding

Tiltak nyskaping/kommuneretta næringsutvikling

Det kommuneretta næringsarbeidet er eit pågåande arbeid som m.a. femnar om kurs og samlingar for næringsmedarbeidarar i kommunar og næringsselskap og etablerarkurs for folk som vurderer å starte eiga verksemد. Arbeidet femnar vidare om informasjonsutveksling og samordning av næringsinnsatsen, og noko dekning av arbeidskraft i samband med dette. Midlane til grunderpris for ungdom ligg også her. I nye tiltak innan nyskaping inngår også tiltak som kom opp i samband med den nye industristrategien: bransjeavhengige møteplassar innan innovasjon og investorforum/møteplass for kapitaleigarar.

Store deler av dei avsette midlane på 2,550 mill. kr. til nyskaping/kommuneretta næringsarbeid femnar som pågåande arbeid med å styrke næringsinnsatsen. Og store deler av innsatsen er basert på føringar frå verdiskapingsplanen, der vi set verdiskapingsplanen sine tiltak i verk. Det vert bede om fullmakt på 2,550 mill. kr. Bruken av midlane vert rapportert til hovudutvalet for næring og kultur.

Kunnskap

Det er sett av 3,150 mill. kr. til oppfølging av verdiskapingsplanen og satsing på kunnskap. Inkludert i denne summen ligg ein avtale med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforsking på 1,950 mill. kr. Vi ber om fullmakt på 0,400 mill. kr. av midlar sett av til oppfølging av verdiskapingsplanen og satsinga kunnskap i budsjettet for 2016. Større innsats vert lagt fram for hovudutvalet etter kvart.

Fylkestinget har sett av 0,800 mill. kr. i grunnstønad til Vestlandsforsking. Fylkesdirektøren ber om fullmakt til å følgje opp løyvinga.

I budsjett 2016 er det sett av 0,850 mill. kr. til VRV-hovudprosjekt (samhandlingsprosjektet). Fylkesdirektøren ber om at administrasjonen får fullmakt til å følgje opp løyvinga og skrive tilskotsbrev.

Kommunikasjonsteknologi

Det er sett av 500 000 kr. til IT-forum. Det er lagt opp til at hovudutvalet skal tildele tilskotet etter søknad. Det er også sett av 640 000 kr. til prosjekt innan breiband og mobil. Det er lagt opp til at desse midlane skal gå til eigendeler til nasjonal utlysing av midlar. Fylkesdirektøren ber om at administrasjonen får fullmakt til å disponere inntil kr. 640 000 av midlar sett av til kommunikasjonsteknologi i budsjett 2016.

Bransjeretta satsingar

Reiseliv

Innan reiseliv er det ikkje disponible midlar for 2016 på hovudutvalet sitt budsjett. Dei avsette 6,250 mill. kr. går til ny avtale med Fjord Norge, NCE Torisme Fjord Norway, nye avtalar med destinasjonsselskapene og administrasjon knytt til oppfølging av reiselivsplanen.

Det er skrive tilskotsbrev til NCE fram til og med 2016. I 2016 vert det inngått ny avtale med destinasjonsselskapene for åra 2016 og 2017 (sjå eiga sak). I 2016 er det sett av 2,700 mill. kr til destinasjonsselskapene. Midlane til oppfølging av reiselivsplanen er reint administrative og fylkesdirektøren ber om fullmakt til å disponere dei.

Ny avtale mellom Fjord Norge og fylkeskommunane frå og med 2016 er under arbeid, og vi vil kome tilbake til den i eiga sak i mars. Arbeidet med å få på plass ny avtale har drege ut, og den løpende drifta i Fjord Norge går. Vi bør derfor ha anledning til å betale ut noko til Fjord Norge, på gjevne vilkår. I 2016 er det sett av 3,000 mill. kr. til avtalen med Fjord Norge. Vi ber om fullmakt til å disponere inntil 1,000 mill. kr av midlar avsett til Fjord Norge i påvente av ny avtale mellom Fjord Norge og fylkeskommunane.

Innan reiseliv er det disponible midlar frå tidlegare på om lag 0,130 mill. kr, som skriv seg frå midlar frå post 61/INU-FSF (år 2015). Vi rår til at desse midlane vert disponible for arbeidet med oppfølging av reiseliv i 2016. Vi ber om at administrasjonen får fullmakt til å disponere midlane i tråd med handlingsplan og årsplan for verdiskapingsplanen.

Sjømatnæringer

Det er samla sett av 0,950 mill. kr. til arbeidet med sektoren sjømatnæringer i budsjettet for 2016:

- 0,300 mill. kr. til oppfølging til å etablere ein arena for oppfølging av aktivitetane i AHA! (program for heilsakleg akvakulturforvaltning)
- 0,350 mill. kr. til Aqua-Nor 2017
- 0,050 mill. kr. til oppfølging av deltaking i VestMarin og andre samarbeidsarenaer
- 0,200 mill. kr. til arealplanlegging
- 0,050 mill. kr. til rekruttering og kompetanse

Administrasjonen ber om fullmakt til å følgje opp budsjettet på 0,950 mill. kr. til sektoren sjømatnæringer for 2016.

Administrasjonen ber også om fullmakt til å disponere unytta midlar avsett til AHA! i budsjett for 2015 på kr. 473 262. Midlane vil bli nytta til AHA!, rekruttering og kompetanse.

Energi

Det er sett av 0,400 mill. kr. til næringsretta energisatsing i budsjettet for 2016, desse skal hovudsakleg gå til fornybar energi. Administrasjonen ber om fullmakt til å disponere 0,100 mill. kr i samband med forum til energi i Sogn og Fjordane. Resterande sum på 0,300 mill. kr. vert tildelt av hovudutvalet på bakgrunn av søknad/prosjektskisse.

Industri

Det er sett av 0,650 mill. kr. i til industri i budsjett for 2016. Fylkesdirektøren ber om at administrasjonen får fullmakt til å disponere inntil 0,200 mill. kr. avsett til industri i budsjett for 2016, midlane vil verta nytta til oppfølging av industristrategien. Resterande midlar (0,450 mill. kr.) avsett til industri i budsjett 2016 vert tildelt av hovudutvalet.

Landbruk

Innan landbruk er det sett av 0,300 mill. kr. Her ber vi ikke om fullmakt, men vi vil legge fram søknadar til handsaming av hovudutvalet. Fylkeskommunen vil også få tildelt statlege midlar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Her vil fylkesdirektøren i løpet av våren legge fram plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket for hovudutvalet, i samband med denne sak vil fylkesdirektøren be om fullmakt til å lyse ut og tildele midlar i tråd med planen.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren ber om administrative fullmakter for 2016 i tråd med tilrådinga i kapittel 3.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)